

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 85

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Time

Emne: Tradisjon m.m.

Bygdelag: Grøna bygdo

Oppskr. av: Eilert Tjensvoll

Gard: Tjensvoll

(adresse): Tunheim Ruten Bryne

G.nr. 61 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. " Uskrevne" fortellinger om jaktlover kjendes ikkje
2. Om der var straff for overtrådelse ad dei uskrevne jaktlover vites ikkje
3. Søndagsjakt var helligdagsbrøde og tåltas ikkje
4. Skadskudte dyr skulle man forsøke å få skudt så snart som muligt.
5. Jægeren måtte gå forsiktig. Børsa børsa på ein forsvarlig måte så der ikkje var fare for noken som kunne vera i nærheten.
6. Det var dårlig varsel når ein svart katt kryssa vegen foran ham
7. Det er trulig at den som skaut dyret kunne bestemmas ka han sjølv ville ha. Men noken regel kjendes ikkje
8. Noket forbod om å eta kjøtet var her ikkje. Kjøtet av skrobb og rev røyskat oter var uspiselig
9. Bjørn vart ikkje feldther, og det er derfor ukjendt ka jegeren gjorde med bjørne mulen
10. At mann kunne driva troldom med etterbyrden av pinna er ukjendt
11. Bjørnelabber var ikkje i bruk på jæren
12. Ulvetenner var ikkje brukelig til noken ting
13. Fortelling om godslie og hjelpsomme bjørne kjendes frå eventyrerne
14. Det var almindelig å skrema både bjørn og skrobb med ild, larm, hujing. m. v
15. Nei. Der var ikkje noken verving hverken med utvortes eller innvortes medesin
16. Nei. Det var nokk ikkje så vell at det var avgjerande kem som fyst fekk auga på kverandre
17. Nei. Mann kunne ikkje verna kreatuene med medesin av rovdyr. Derimot kunne mann ved å kasta stål over dei

18. Medesin av orm til vern av buskapen er ukjendt her
19. Stengsler for skrobb ved hjelp av tau er også ukjendt
20. Ved å sette kross på fjøsdøra i julen var særst hjelpsomt
21. Å be for husdyra var nokk godt, men der var ikkje noken fastsette bønner til det bruk
22. Om der er brukt svartebøker til vern mot rovdyr er tvivlsomt. Det var bara prestane som var i besittelse av svartebok
24. Nei. Her skulle vera "finnekjærringar" som skulle kunne setje sjukdom både på folk og fe, men eg har ikkje hørt at dei sette bjørn og var på buskapen
25. Ja. Der var ymse måtar t.d sleppa salt i pipa
26. Ja. Ved uforsiktig pass av børsa. Ikkje turke den rein
27. Var børsa utskjemt, var det et ufeibart middel å tvinga ein hugorm inn i pipa og skyte den ut igjen
28. Å la børsa med eim sølvknapp var det beste som fanst. Nogen omfram omgangsmåte enn den vanlige framgangsmåte ved støyning av blykuler vites ikkje
29. Bjørn er ikkje skut i bygda i manns minne. Om skrobben
30. er her mange soga (sjå Årbok for jæren 1952) Eg tek med denne soga.: Gabriel Kvernaland hadde vore på fjellet og sett til glefsehe, og kom heim følt i farten og sa: De må koma og hjelp meg eg har fenje sjølve gråtassen i glefse" Alle var i farten og ville vera med. Dei tok med seg hest og slede. staura og kniva og ei gamal dundrebørse. Børsa ladde dei og gav skrubben eit skot. Det dundra som ei kanon, og skrubben låg dau, så lang han var. Dei fekk koma innåt han og ta livet av han. Etterpå sette dei han på sleden som ein hund, og Gabriel ville han sko sitja fint. Hesten hadde stånde roleg medan dei arbeide med skrobben. Men då han skulde til å gå, såg han seg attende og såg skrubben, og då tok han ut skilde seg med sele og slede og sprang heim, så fort den kunne. Dei måtte heim etter ein annan hest, og den var roligere, så då fekk dei skrubben heim.
- Gabriel kjørde i fleire dagar kring jæren og synt skrubben på sleden. Me veit at han kom til Vik med skrubben. Losen på Vik gjorde stor stass på han. Han letta på hua la handa på hovudet åt skrubben å sa: " Når du kjem til gards på denne måte er du velkommen. Men me likar ikkje når du kjem om nettene og stel husdyra våre "
30. Noken rovdyr plaga har her ikkje vore på jæren sidan lenge fyre den fyste verdskrigen. Eg har ikkje synt seg sidan. Det er bara Reven og dei små rovdyra som er att